



Arkivnr: 2014/17127-18
Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		08.12.2016

Fastlandssamband Halsnøy AS - kjøp av aksjar

Samandrag

BW Gas AS vil selja to aksjar i Fastlandssambandet AS. Fylkesrådmannen tilrår at fylkeskommunen kjøper desse aksjane. Hordaland fylkeskommune har frå før 100 aksjar i selskapet og 52,6% av aksjane. Etter kjøpet vil fylkeskommunen sin del av aksjekapitalen gå opp til 53,7%.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner kjøp av to aksjar i Fastlandssamband Halsnøy AS frå selskapet BW Gas AS.

Kjøpesummen – kr 2 000 – vert dekkja av kapitalfondet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.11.2016

Fastlandssambandet Halsnøy AS står for bompengeneinnkreving for prosjektet Halsnøytunnelen.

Aksjekapitalen i selskapet er på kr 190 000 fordelt på 190 aksjar. Hordaland fylkeskommune har aksjemajoriteten med 100 aksjar eller 52,6% av aksjekapitalen. Aksjane er elles fordelt på Kvinnherad kommune med 50 aksjar, Stord kommune med 10 aksjar og ulike private interessentar med til saman 30 aksjar.

Selskapet BW Gas AS har vendt seg til selskapet med spørsmål om sal av selskapet sin to aksjar. Fastlandssamband Halsnøy AS har førespurt fylkeskommunen som majoritetseigar om å overta desse aksjane.

Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunen kjøper to aksjar i Fastlandssamband Halsnøy AS frå BW Gas AS. Hordaland fylkeskommune sin eigardel vil etter eit eventuelt aksjekjøp verta 53,7%.